



## Notat

Dato: 02.10.2017  
Arkivsak: 2017/15118-4  
Saksbehandlar: gunradd

---

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Gunhild Raddum

---

### **2017/15118 Varsel om oppstart av planarbeid – Detaljreguleringsplan for delar av gnr 208, 209, 210, 216, 217 og 224, Fjelbergsambandet -Kvinnherad kommune**

Føremålet med planarbeidet er ferjefri forbinding mellom Fjelbergøy, Borgundøy og fastlandet. I dag bur det 99 fastbuande på øyane, og dei er avhengig av båt og ferje for å kome til skole og andre servicetilbod. Det er ikkje venta særleg auke i talet på fastbuande på Fjelberg og Borgundøy, men ein kan rekne med auke i talet på besøkande om tilkomsten vert ferjefri. Det ligg føre planar om hytteutbygging og konferansehotell, men realiseringa av desse planane er svært uviss.

#### **Prioritering - Regional Transportplan (RTP)**

Som vegeigar må fylkeskommunen gjere grundige vurderingar av kva prosjekt og tiltak på fylkesvegnettet som skal prioritast. Dei økonomiske ramane til drift, vedlikehald og investering på fylkesvegnettet gir lite handlingsrom, og i RTP er det eit viktig prinsipp å prioritere vegutbetringar framfor nye vegprosjekt. Målet er å sikre eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett, samt stoppe veksten i forfallet. Prosjektet med å knyte saman Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy med bru er ikkje prioritert i RTP.

#### **Vegstandard, trafikktryggleik og skoleskyss**

Hordaland fylkeskommune har vore i dialog med Statens vegvesen når det gjeld vegstandard omtalt i framlegg til planprogram. Dagens befolningsgrunnlag tilseier at det er tilstrekkeleg med 1-felts veg, men med tilbod for mjuke trafikantar og kollektivtilbod/skoleskyss. Dette er ein standard som ikkje ligg i vegenormalane. Vi legg til grunn at vegløysinga vert planlagt med Sa3 standard, og at det vert søkt om avvik frå 2-felts veg dersom framtidig ÅDT ved framskriving av 20 år etter at vegen er bygd, vert berekna til meir enn 300 i ÅDT.